

Handlingsplan for BKK – Viltfond, 2022 – 2025

Tilgjengelege fondsmidlar skal i følgje § 1 i vedtektene av 2001, nyttast til fremjing av viltet (viltstellstiltak) etter handlingsplan utarbeidd av styret, jf. § 5.

Styret legg følgjande føringar til grunn for tilskotsforvaltinga i perioden 2022-2025:

1. All bruk av tilskotsmidlar skal vera innanfor fondsføremålet.
2. Tiltak med bakgrunn i forvaltnings- og driftsplanar skal vektleggjast (både offentlege og privatrettslege planar).
3. Tiltak som fremjar bestandsforvalting på tvers av kommunegrensene har prioritet, til dømes villreinen i Fjellheimen villreinområde, leveområde for hjort, småviltforvalting og liknande.
4. Midlane skal vera med å fremja lokal kunnskap- og kompetanseutvikling og rekruttering hjå unge.
5. Det kan gjevast tilskot til kartleggings, utgreiings- og informasjonstiltak.
6. Det kan òg løyvast midlar til ikkje jaktbare artar.
7. Tilskot skal hovudsakleg vera delfinansiering. Det er ein fordel om midlane medverkar til statleg finansiering av tiltak/prosjekt.
8. Løyvingar må sjåast i høve til innkomne søknadar og disponible midlar.

Aktuelle søkjarar er kommunane, villreinutval-/nemnd, grunneigarlag, hjortevald, jakt- og fiskarlag med fleire.

Grunnkapitalen skal vera kr. 200.000,- jf. vedtektene § 1.

Vedteken av styret 08.12.2021.